

Årsmelding for Bjordal & Ortnevik sokneråd 2025

Desse sat i soknerådet i 2025:

Camilla Merkesvik Ådland, leiar og kasserar
Sissel Sørebo, nestleiar og Kirkens Nødhjelp-kontakt
Terje Søreide
Kjersti Johansen Søreide
Ingunn Østerbo (1. vara møter fast)
Åge Østerbo 2. vara
Irene Grøneng Breidvik 3. vara
Geistleg representant Inger Cesilie Fitje

Terje Søreide og Kjersti J. Søreide representerer soknet i Høyanger kyrkjelege fellesråd.
Sissel Sørebo og Camilla M. Ådland er vara.

Fram til 30. april var Liv-Gunnbjørg Søreide kasserar for soknerådet og Mari – Ann L. Fridtun og Kari Søreide revisorar.
1. mai overtok Camilla M. Ådland som kasserar og Kjersti J. Søreide og Joar Oppedal som nye revisorar.

Personalsituasjonen :

Diakon i prestestillinga :	Inger Cesilie Fitje
Prost:	Knut Magne Nesse
Organist :	Peter T. Jobbago
Kyrkjemusikar	Harald Dahlstrøm
Kyrkjevevjerje:	Stig Jonny Fitje
Kyrkjelydsarbeidar:	ledig stilling
Sekretær kyrkjekontor:	Renate Ø. Dale/ Fatima Shaaban
Kyrkjetenar: Ortnevik	Joar Oppedal
Kyrkjetenar: Bjordal	ledig
Klokkar i Bjordal og Ortnevik og sekretær for soknerådet:	Ann Iren Østerbo

Gudstenester:

Det har vore 18 gudstenester i soknet, ei mindre enn for 2024.

I alt var det 788 framkomte (73 fleire enn året før) og 146 nattverdsgjester.

4 av gudstenestene var familie- og barnegudstenester.

2 julaftangudstenester.

Det har vore gudsteneste på Åsenutsikta/dagsturhytta på Søreide (21), friluftsgudsteneste på Sande (32),

hausttakkefest på Massnes (37) og enkel festgudsteneste i Bjordal skule på 17. mai (56)

Desse personane har hjulpet med kyrkjevertoppgåver: Mari- Ann Lund Fridtun, Liv-Gunnbjørg Søreide, Sissel Sørebo, Kjersti J. Søreide, Terje Søreide, Dagny Bjordal, Øyvind Rømo, Sølvi Gunn Kalstad, Gunvor Hommedal, Gerd Brekke og Kristiane Oliva Aven.

Det har vore 2 barnedåp og 6 gravferder.

Ved ofringar og gaver for mat kom det inn kr 49.917,- inkl. vipps og offer (kr 4.159,- mindre enn i 2024).

Av dette kr 21.449,- til eige arbeid.

Ved Kirkens Nødhjelps fasteaksjon vart det samla inn på bøsse kr 8.613,- og 6650,- ved vipps og kontoinnbetaling.

Soknerådet v/leiar og kasserar har ansvaret for gåvekontoane til kyrkjene.

Det står kr 67.590,- på konto til Ortnevik kyrkje og kr 11.276,- på Bjordal kyrkje sin konto.

Inger C. har hatt andakt på Sørsida Bygdetun om lag ein gong i månaden, og andakt i Ikkjefjord grendahus i samband med juletreffest.

Trusopplæring /barn og unge

Trusopplæringsstillinga står ledig, men Inger C. har 20 % stilling med trusopplæring i kommunen.

Fellesrådet har sett på moglegheit for ei stilling der ein samarbeider med fleire kommunar.

Camilla M. Ådland, Inger C. Fitje og Ann I. Østerbo er med i trusopplæringsutvalet for Bjordal og Ortnevik.

Camilla er valt som representant i ei trusopplæringsgruppe med medlemmer frå alle sokna i kommunen.

I 2025 har vi hatt desse tiltaka :

I januar var 7 barn med på tårnagentsamling og tårnagentgudsteneste i Bjordal kyrkje.

I mars var det karnevalsgudsteneste m/ dåp i Ortnevik kyrkje, og deretter var 30 små og store samla i grendehuset med leik, fastelavnsbollar og pinjata.

Anna kvar tysdag har det vore babysong i Høyanger der barn/foreldre frå heile kommunen kan vere med. Dette året var det 17 samlingar der 3 barn frå Sørsida var med.

Soknerådet subsidierer alle leirar på Alværa med kr. 200,- pr. barn frå soknet vårt.

Utdeling av bøker til born vart flytta til karnevalgudsteneste i februar 2026.

Konfirmantar:

Våren 2025: 2 konfirmantar.

Dei var med på tårnagentopplegg, konfirmanthelg på Alværa og har gått med bøsse i samband med fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp.

Samtalegudstenesta var i Bjordal saman med Lavik konfirmantane og i løpet av vinter/ vår har dei hatt samlingar med Lavik konfirmantane.

Konfirmasjonsgudstenesta i Bjordal 11. mai var v/ Inger C. som har hatt hovudansvar for konfirmantundervisninga.

Hausten 2025: 2 konfirmantar.

Konfirmantane vart presenterte på gudsteneste i Bjordal kyrkje 24. august, og dei har vore med på:

Hausttakkefest på Massnes, Kick-off på Alværa og lysmesse i Bjordal.

Undervisninga er saman med alle konfirmantane i Høyanger kommune, og blir lagt til elevfrie dagar; og på ulike stadar i kommunen.

Dei brukar konfLogg opplegget, og Inger C. og Andreas Ester har hatt ansvaret.

Soknerådsarbeid elles:

Soknerådet har hatt 5 møte, og handsama 49 saker og 20 meldingssaker.

Takk til Camilla og Ole M. Ådland for bruk av Bønnens Hus i Ortnevik.

Aktivitetar i året som gjekk :

- I tre år har soknerådet samarbeidd med pensjonistlaget om song på Bygdetunet kvar 14. dag; måndagar frå kl. 17. Dette har vore eit populært tiltak med gjennomsnittleg fram møte på om lag 18 personar. Takk til Sissel, Kari S. og Mari-Ann og Olav B. Bjordal som stiller opp med trekkspillet sitt.
- 16. februar var det årsmøte for soknet i Bjordal kyrkje. Der vart det også takka og delt ut gåve frå kyrkjelyden til kassarar Liv-Gunnbjørg og Mari - Ann og Kari som har vore soknerådet sine revisorar i fleire år. Sissel og Mari – Ann fekk også ein oppmerksomheit og takk for innsatsen i trusopplæringsutvalet.
- I februar arrangerte soknerådet i samarbeid med pensjonistlaget, bygdekvinnelaget og LivOgLyst ein kulturkveld i Bjordal skule v/ Silje Sørebo og Erlend Os. 50 personar fekk høyre ei forteljeframsyning om historia bak ei gamal skillingsvise frå Ytre Sogn.
- Soknerådet, konfirmantane og frivillige samarbeidde om fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp.
- Skjærtorsdag var det påskesamling i Ortnevik kyrkje med musikk v/ Anders Brekke, allsong og tekstlesing, der vi følgde påskedramaet frå palmesøndag til 1. påskedag. Etterpå var det opent bibliotek og kafe og loddsal i grendehuset der det kom inn ca 10.000 til inntekt for Fjellhytta i Ortnevik.
- I april var det dugnad i kyrkja og på kyrkjegarden i Bjordal. I Ortnevik fekk dei fram møtte laga det fint på kyrkjegarden etter vinteren. Og i Ikkjefjord såg Ingunn til at alt såg greitt ut.
- Soknerådet vedtok å få Bevaringstenestene til å sjå på ein gamal alterduk i Ortnevik kyrkje. Den vart teken i bruk i samband med innviinga til kyrkja i 1925 og var byrja å gå i oppløysing. Sidan prisen er høg, er det sendt ein søknad om mulig støtte for reparasjon.
- Konfirmantane fekk rose og jubileumshefte om kyrkja si frå kyrkjelyden på konfirmasjonsdagen.

- I skuleferien var det open kyrkje i Ortnevik kvar fredag frå kl. 16.00- 18.00.
I Bjordal hadde Geir Sørøbø tre kveldar med open kyrkje der han fortalde om kunsten i kyrkja; altertavla og dei to biletvevteppa.
- Det er viktig at alle har skyss til arrangement og flott når ein kan samkøyre. Takk til dei som fyller opp bilane sine.
- Soknerådet har bidrege med ulikt stoff til kyrkjelydsbladet Helgestunder, og det er vedteke å gå frå 4 til 3 utgåver i året. Sissel er soknet sin representant i redaksjonsnemnda. Sidan det har vore utfordring med distribusjon med Posten, køyrer Ingunn og Arne blada rundt i Ikjefjord.
- Det har vore tilbod om enkel kyrkjekaffi etter gudstenestene for dei som ynskjer det. I tillegg var det middag på hausttakkefesten på Massnes og i Ortnevik grendahus i høve 100 – års jubileet.
- 7. august var det solidaritetsmarkering der kyrkjeklokkene i landet ringde for fred i Gaza, dette vart også gjort i Bjordal og Ortnevik.
- Kyrkjjetenarstillinga i Bjordal står framleis ledig. Ann I. gjer nokre av kyrkjjetenaroppgåvene. Kyrkjeverje Stig J. Fitje og kyrkjjetenar på Kyrkjebø, Vadheim og Høyanger; Irene Aase Aarseth har hjelpt til i gravferder. I tillegg kjem det som vart gjort på dugnad.
- Ortnevik kyrkje har fått toalett og rullestolrampe (universell utforming) og har blitt måla innvendig.
- Til 100 års markeringa fekk kyrkja eit prosesjonskors i gåve av Erling Bjordal.
- Soknerådet har vedteke offerformål, oppdatert diakoniplan og saman med Inger C. drøfta gudstenesteplan og konfirmantopplegg.
- Første helga i oktober vart 100- års jubileet til Ortnevik kyrkje feira. Laurdag 4 . oktober var det seminar på Ortnevik Tre, og samling i kyrkja med presentasjon av festskrift og samtale rundt næring, kultur og kyrkje. 5. oktober var det festgudsteneste der bl. a biskop Ragnhild Jepsen deltok, og jubileumskonsert med Sigrid Moldestad. Soknerådet håpar å få til eit opplegg i 2026 der ein kan marknadsføre Ortnevik med den kunnskapen ein no har etter jubileet.
- Vi har tidlegare vedteke ein kyrkjemusikalsk plan. To personar frå Sørsida er med i KUL- koret på Kyrkjebø.
- Soknerådet arrangerte ein flott og stemningsfull julekonsert i Ortnevik kyrkje med Vadheim musikklag og fleire lokale aktørar der om lag 63 personar møtte.
- Geir Sørøbø har kvar veke lagt ut god helg andaktar/tankar til søndagens tekst på nett (www.worshippinginthenature.com).

Misjonsprosjekt

Soknerådet har samarbeidsavtale med NMS, eitt toårig misjonsprosjekt i Etiopia. Betre levekår – fokus på kvinner og ungdom.

Soknet har ei NMS-misjonsforeining, Bjordal misjonslag. Dei hadde adventssamling på Sørsida Bygdetun i desember.

I «Bønnens hus» i Ortnevik har arbeidet halde fram med tidebøner og forbøn, takk Ole og Camilla.

Takk til Anders Brekke, Olav B. Bjordal, organistvikar Birk Sørøbø Hauger, familiekoret Sørøbø, koret Fjordlåt, Solveig Østerbø og Aud Marit Bjordal.

Stor takk til jubileums- og festskriftnemnd, og alle som hjalp til i forbindelse med 100 - års markeringa til Ortnevik kyrkje.

Takk til organistane våre.

Vi takkar for godt samarbeid med Inger Cesilie.

Takk til alle som på ulike måtar har bidrege – det er av stor verdi.